

VURDERING AV NATURMANGFALDSLOVA

§ 7-12

SJØ-OG STRANDSONEPLAN

Arealplan etter PBL § 11-5

Vedlegg 5 av 9

KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ- OG STRANDSONE FOR OSTERØY KOMMUNE 2016-2026

Planframlegg 1.gongs handsaming

revidert dato: 24.01.2016 | vedtak: FSsak 000/16 | planID 12532014007



I henhold til naturmangfaldlova § 7 skal §§ 8-12 leggast til grunn når offentleg styresmakt fattar vedtak som kan få verknadar for naturmangfald. I planen er alle arealendringar vurdert opp mot sakshandsamingsprinsippa i naturmangfaldlova § 8. Dersom kunnskapsgrunnlaget er godt nok og det ikkje er risiko for skade på naturmangfald vert ikkje tiltaket vurdert opp mot §§ 9-12.

Naturmangfaldslova § 8 Kunnskapsgrunnlaget				
Nr i konsekvensutgreiing	Namn	Nytt arealføremål	Vurdering	Merknad
1	Kleiveland	Friluftsområde	Det er ingen registreringar på det aktuelle arealet. Det er sjøaure i Kleivelandselva. Delar av området er innmarksbeite og det er potensiale for at det lev artar som er tilknytt beitemark og ope kulturlandskap her. Arealendringa her vil imidlertid ikkje medføre inngrep som kan skade desse. Kunnskapgrunnlaget vert vurdert til å vera tilfredstillande.	
3	Tysse	Småbåthamn	Det er ingen registrering på eller i nærleiken av arealet. Området ligg sentrumsnært og med inngrep i tilgrensande område på land. Ut frå kunnskapsgrunnlag kan ein ikkje sjå at det er risiko for skade på naturmangfald.	
5	Bernes	Bustad og naust	Sjøområda utanfor Bernes er overvintringsområde for Havelle. Etableringa av fleire naust i same området er antas å ha liten til ingen verknad på denne registreringane. Ingen andre registreringar. Området er ope med lyng og grasvegetasjon. Kunnskapsgrunnlaget er vurert til å vera tilfredstillande.	
6	Hanstveit	Friluftsområde, parkeringsplass og bustad	Området er overvintringsområde for Havelle. Ingen andre registreringar. Området på land er lauvskog med innslag av furu. Endring av arealet er mindre justering av eksisterande areal og denne endirnga vert vurdert til å	

Vurdering etter naturmangfaldlova § 7-12-
Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2016-2026 – Osterøy kommune

			ikkje ha noko verknad på eksisterande naturmangfald.	
7	Fotlandsvåg	Bustad, forretning og kontor	Området er eldre industriområde. Det er ingen registreringar her. Tiltaket vil ikkje utgjer noko risiko for skade på naturmangfald.	
8	Fotlandsvåg	Småbåthamn og gjestehamn	Området er overvintringsområde for Havelle. Det er registrert gyteområde for torsk i tilgrensande sjøareal utover i fjorden. Det er ingen andre registreringar. Etableringa av småbåthamn kan medføra mindre utfylling og forankring av flytebrygger. Slik vi vurderar det vil ikkje planlagde tiltak ha ein negativ verknad for gyteområde for fisk. Det er registrert Havelle i dette området. Det er usikkert i kva grad lokalisering av småbåthamn har ei negativ innverknad på Havellen og i kva grad denne nyttar området. Det bør imidlertid leggast til grunn at det vert mindre areal og at dette kan ha ein negativ effekt.	Må vurderast i høve til §§ 9-12.
9	Hosanger	Kombinert bygg og anlegg	Ingen registrerte verdiar. Gjeld utviding innen eksisterande industriområde. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Ingen verknad.	
9	Hosangerheimen	Friluftsområde	Ingen registrerte verdiar. Etablering av mindre område og gangveg. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Ingen verknad.	
10	Hosangerkyrkje	Friområde	Ingen registrerte verdiar. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Stadfestinga av gjeldande bruk vert vurdert til å ikkje ha noko verknad.	
11	Hosangerkyrkje	Grav og urnelund	Ingen registrert naturmangfald. Delvis gjenngrodd innmark. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Vurdert til å ikkje ha noko verknad.	
13	Hosanger	Grøntstruktur	Ingen registrert naturmangfald.	

Vurdering etter naturmangfaldlova § 7-12-
Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2016-2026 – Osterøy kommune

			Skal vera gamal kyrkje veg, delvis gjengrodd. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Vurdert til å ikkje ha noko verknad.	
15	Hoshovde	Fritidsbustad, naust, småbåthamn, friluftsområde	Ingen registrert naturmangfold. Området er delvis gjengrodd beitemark med hytter og naust. Holmen har potensiale til å vera hekkeområde for sjøfugl. I KU vert tiltak til og på holmen tilrådd teken ut. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande.	
16	Lonevåg Nesjatun	Bustad og friluftsområde	Ingen registrert naturmangfold. Blandingsskog med lauv og ulike lyng og busktypar. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Vurdert til å ikkje ha noko verknad.	
19	Raknes	Friluftsområde og LNF med omsynssone friluftsliv (Storholmen)	Er registrert som overvintringsområde for Havelle i sjø. Raudlistearten fiskemåke(Nær Truet) har yngleområde på Storholmen. Ut over dette er det ikkje registrert anna naturmangfold. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Avsetting av område til friluftsliv vil ikkje ha noko verknad på leveområde til Havelle. Storholmen er nytta til beite og friluftsliv. Føreslegne føremål er LNF med omsynssone for friluftsliv, slik at det sikrar bruk lik dagens. Avsetting av område til friluftsliv kan føre til konlikt med yngleområde.	Må vurderast i høve til §§ 9-12
20	Raknes	Naust	Er registrert som overvintringsområde for Havelle i sjø. Ingen registreringar på land. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Vurdert til å ikkje ha noko verknad.	
21	Raknesvågen	Småbåthamn	Ingen registreringar i vågen. Er registrert overvintringsområde for Havelle lenger ute i vågen. Stadfestar eksisterande arealbruk. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til	

Vurdering etter naturmangfaldlova § 7-12-
Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2016-2026 – Osterøy kommune

			å vera tilfredstillande. Vurdert til å ikke ha noko verknad.
22	Hjellvik	Friluftsområde	Er registrert overvintringsområde for Havelle i sjø. Ingen andre registreringar. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Vil ikke vera endringar i arealbruk. Vurdert til å ikke ha noko verknad.
23 og 24	Hjellvik	Naust	Ingen registreringar av naturmangfald. Gjeld fortetting av eksisterande naustområde og eksisteraden småbåthamn. Det er vurdert til at det er lite risiko for skade på naturmangfald med dette inngrepet.
26	Hamre	Småbåthamn	Regulert småbåthamn. Ingen registrert naturmangfald i regulert område. I tilgrensande område mot vest ligg det område med naturtype boreal lauvskog, men er utanfor planområdet. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera tilfredstillande. Vil ikke vera endringar i arealbruk. Vurdert til å ikke ha noko verknad.
27	Hamre	Naust	Ingen registreringar av naturmangfald. Gjeld nytt naust ved eksisterande. Det er vurdert til at det er lite risiko for skade på naturmangfald med dette inngrepet.
29	Hamre Klokkarne set	LNF-område	Ingen registreringar av naturmangfald. Stadfestar eksisterande bruk.
31	Reigstad	Friluftsområde	Ingen registreringar av naturmangfald. Stadfestar eksisterande bruk.
33	Nedre Vikne	Friluftsområde	Ingen registreringar av naturmangfald. Antatt liten risiko for skade på naturmangfald.
34	Skaftå	Næring	Eksisterande næringsområde. Ingen registreringar av naturmangfald. Antatt liten risiko for skade på naturmangfald.
35	Bruvik kyrkje	Grav og urnelund, Off	Ingen registreringar. Stadfestar dagens bruk men utvidar

Vurdering etter naturmangfaldlova § 7-12-
Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2016-2026 – Osterøy kommune

		tenesteyting (kyrkje)	kyrkjegard over mindre areal i nord. Dette er gjenvaksen beite. Vurdert til å ikke ha noko konsekvens for naturmangfald.	
36	Kyrkjekai en Bruvik	Friluftsområde	Ingen registreringar. Stadfestar dagens bruk. Vurdert til å ikke ha noko konsekvens for naturmangfald.	
37	Småbåtha mn Bruvik	Småbåthamn	Ingen registreringar. Stadfestar dagens bruk. Vurdert til å ikke ha noko konsekvens for naturmangfald.	
38	Tepstad	Akvakultur	Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet. Ikke registrert naturmangfald. Undersøkingar under anlegg syner påverknad på naturmangfald. Overgang til opne ringar kan gje at det vert større vassgjennomstrømning og betre spreiling på organiske partiklar frå anlegget. Kan ha negativ effekt på anadrom fisk gjennom spredning av lakselus.	Må vurderast i høve til §§ 9-12
39	Angelskår	Akvakultur	Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet. Ikke registrert naturmangfald. Undersøkingar under anlegg syner påverknad på naturmangfald. Overgang til opne ringar kan gje at det vert større vassgjennomstrømning og betre spreiling på organiske partiklar frå anlegget. Kan ha negativ effekt på anadrom fisk gjennom spredning av lakselus.	Må vurderast i høve til §§ 9-12
40	Blom - Skaftå	Akvakultur	Utviding av eksisterande akvakulturlokalitet. Ikke registrert naturmangfald. Undersøkingar under anlegg syner påverknad på naturmangfald. Sett krav om at det ikke skal vera utslepp av organiske partiklar. Arealet for Blom vert teken ut. Planlagd arealbruk vil ha ein positiv effekt for naturmangfald i høve til dagens situasjon.	Må vurderast i høve til §§ 9-12
41 og 42	Div areal	Bruk og vern av sjø og vassdrag	Område for akvakulturreal som vert endra til bruk og verna av sjø og vassdrag. Ingen negativ effekt	

for naturmangfald.

Naturmangfaldslova § 9 Føre-var-prinsippet

Nr i konsekvensutgreiing	Namn	Nytt arealføremål	Vurdering	Merknad
7	Fotlandsvatn	Småbåthamn og gjestehamn	Det er usikkert i kva grad arten Havelle nyttar området og viktigheten av dette. Det ligg imidlertid føre nok kunnskap til at det kan takast stilling til arealendringa.	
19	Raknes	Friluftsområde og LNF med omsynssone friluftsliv (Storholmen)	Det er usikkert i kva grad arten Havelle nyttar området og viktigheten av dette. Det ligg føre nok kunnskap til at det kan takast stilling til arealendringa.	
38	Tepstad	Akvakultur	Miljøundersøkingar av artsmangfald i og rundt anlegget gjer eit svært godt bilet av påverknad på artsmangfald.	
39	Angelskår	Akvakultur	Miljøundersøkingar av artsmangfald i og rundt anlegget gjer eit svært godt bilet av påverknad på artsmangfald.	
40	Blom-Skaftå	Akvakultur	Miljøundersøkingar av artsmangfald i og rundt anlegget gjer eit svært godt bilet av påverknad på artsmangfald.	

Naturmangfaldslova § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Nr i konsekvensutgreiing	Namn	Nytt arealføremål	Vurdering
7	Fotlandsvatn	Småbåthamn og gjestehamn	Planen opnar for få inngrep i det som er registrert som overvintringsområde for Havelle. Det er berre dette innspelet som konkret byggjer ned areal registrert i naturbase. Det totale arealet er omrent 900 daa medan planlagd utbygging er inntil 8 daa. Samla sett vert difor den totale mengda areal redusert svært liten i høve til det totale arealet. Den samla belastninga er difor vurdert til å vera liten.
19	Raknes	Friluftsområde og LNF med omsynssone friluftsliv (Storholmen)	Storholmen er nytta som hekkeområde for fiskemåke og er overvintringsområde for Havelle. Samla sett vil arealendringane i planen, LNF med omsynssone friluftsliv, ikkje føre til ein auka samla belastning på artane og deira leveområde.
38	Tepstad	Akvakultur	Utviding av akvakulturanlegga vil ikkje føre til større biomasse. Større ringar vil føre til betre spreiing av
39	Angelskår		

Vurdering etter naturmangfaldlova § 7-12-
Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2016-2026 – Osterøy kommune

40	Blom-Skaftå	organiske partiklar og betre vassgjennomstrøyming i anlegga. Dette vil gje ein betre effekt på ytre delar av fjordsystemet. Det totale utsleppet frå akvakultur vil imidlertid vera det same. I indre delar fjorden vil utviding av akvakulturområde delvis ligge over same areal som dagens lokalitet og effekten av utvida akvakulturareal vil vera mindre i tillegg til at vassirkulasjonen i dette området er mindre. Krav som reduserar utslepp av organiske partiklar vil imidlertid føre til ein positiv verknad for dette området. Når det gjeld påverknad på vill laksefisk av auka lakselussmitte vil krav til reduksjon av utslepp av organiske partiklar føre til mindre smittepress i resipienten. Genetisk forureining gjennom rømning vil antatt vera uforandra. Samla sett vil endringane i akvakultur føre til mindre belastning på resipienten og naturmangfald enn situasjonen slik den er i dag.
-----------	-------------	--

Naturmangfaldslova § 11 Kostnad ved miljøforingelse skal berast av tiltakshaver

Nr i konsekvensutgreiing	Namn	Nytt arealføremål	Vurdering
7	Fotlandsvatn	Småbåthamn og gjestehamn	Er ikkje aktuelt med tiltak i høve til naturmangfald.
19	Raknes	Friluftsområde og LNF med omsynssone friluftsliv (Storholmen)	Er ikkje aktuelt med tiltak i høve til naturmangfald.
38	Tepstad	Akvakultur	Er ikkje aktuelt med tiltak i høve til naturmangfald.
39	Angelskår	Akvakultur	Er ikkje aktuelt med tiltak i høve til naturmangfald.
40	Blom - Skaftå	Akvakultur	Kostnad ved å hindre utslepp av organiske partiklar.

Naturmangfaldslova § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Nr i konsekvensutgreiing	Namn	Nytt arealføremål	Vurdering
7	Fotlandsvatn	Småbåthamn og gjestehamn	Er ikkje aktuelt med tiltak i høve til naturmangfald.
19	Raknes	Friluftsområde og LNF med omsynssone friluftsliv	Er ikkje aktuelt med tiltak i høve til naturmangfald.

Vurdering etter naturmangfaldlova § 7-12-
Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2016-2026 – Osterøy kommune

(Storholmen)			
38	Tepstad	Akvakultur	Er ikke aktuelt med tiltak i høve til naturmangfold.
39	Angelskår	Akvakultur	Er ikke aktuelt med tiltak i høve til naturmangfold.
40	Blom - Skaftå	Akvakultur	Krav om å hindre utslepp av organiske partiklar er stilt for å hindre skade på naturmangfold. Det er med heimel i plan- og bygningslova ikke høve til å stille krav til teknologiske løysingar men kun stille miljøkrav. Det er heller ikke høve til å stille krav til driftsmetodar fordi dette fell inn under akvakulturlova.